

EKSAMEN

6021 000
Arbeidsrett

23.02.2016

Tid:	5 timer
Målform:	Bokmål og nynorsk
Sidetal:	5 (inkludert denne)
Hjelpemiddel:	Norges Lover eller annen offisiell lovtekst uten kommentarer, herunder utskrifter av lover og forskrifter fra Lovdata, samt Hovedavtalen mellom LO og NHO.
Merknader:	Ingen
Vedlegg:	Ingen

Sensuren finner du på Student Web.

Bokmål

OPPGAVE 1

Lillevik Kontor AS driver med salg av kontorutstyr til lokale bedrifter. På grunn av renteutviklingen de siste årene, har salget gått meget tregt. Omsetningen er nå så lav at bedriften vurderer å si opp én av to salgsmedarbeidere.

Valget står mellom Peder Ås og Lars Holm. Peder Ås er 55 år og har arbeidet hos firmaet i syv år. Lars Holm er 35 år og har bare vært ansatt hos firmaet i to og et halvt år. Lars Holm har imidlertid vesentlig større omsetning (salg) enn Peder Ås.

Bedriften ønsker å beholde Lars Holm og si opp Peder Ås. Oppsigelse skal finne sted den 15. mars 2016. Bedriften er imidlertid litt usikker på de juridiske sidene ved oppsigelsen. Den ønsker derfor juridisk begrunnede svar på følgende spørsmål:

Spørsmål 1: Drøft og avgjør om det foreligger rettslig grunnlag for å si opp Peder Ås?

Spørsmål 2: Hvor lang er oppsigelsesfristen hans?

Spørsmål 3: Når vil oppsigelsesfristen begynne å løpe (dato)?

Spørsmål 4: Har Peder rett til å få jobb hos bedriften dersom det skulle bli aktuelt å ansette en ny salgsmedarbeider på et senere tidspunkt?

Spørsmål 5: Har Peder krav på sluttattest?

Spørsmål 6: Ferien er ikke fastsatt ennå. Kan arbeidsgiver kreve at Peder avvikler ferien sin i oppsigelsestiden?

Spørsmål 7: Når skal feriepengene utbetales?

Alle svarene må begrunnes.

OPPGAVE 2

Torgeir Sagen, som er utdannet tømrer, ble den 2. januar 2014 ansatt av Storevik kommune for å bygge åtte brakker. Brakkene skulle brukes som asylmottak, og de skulle huse enslige mindreårige asylsøkere fra blant annet Syria og Afghanistan.

Den 17. januar 2016 var brakkene ferdig bygget. Sagen fikk da beskjed om at hans arbeidsforhold var over, og han fikk én måned på seg til å rydde og forlate arbeidsplassen. Varselet ble gitt skriftlig. Torgeir protesterte på dette, da han mente at han var blitt utsatt for en usaklig oppsigelse. Kommunen hadde nemlig ikke hatt noe å si på arbeidet hans. Kommunen avviste Sagens anførsler og anførte på sin side at han var lovlig ansatt i et tidsbegrenset arbeidsforhold.

Spørsmål 8: Gjelder arbeidsmiljøloven i dette tilfellet? Begrunn svaret.

Spørsmål 9: Forutsett nå at arbeidsmiljøloven gjelder og drøft og avgjør om det var adgang til å tidsbegrense Torgeirs arbeidsforhold.

OPPGAVE 3

I aml. § 9-1 første ledd står det følgende:

«Arbeidsgiver kan bare iverksette kontrolltiltak overfor arbeidstaker når tiltaket har saklig grunn i virksomhetens forhold og det ikke innebærer en uforholdsmessig belastning for arbeidstakeren.»

Spørsmål 10: Forklart kort hva som menes med «kontrolltiltak», og gi herunder noen eksempler på slike kontrolltiltak.

OPPGAVE 4

Arbeidstakeren har ved overføring av virksomhet en såkalt valgrett.

Spørsmål 11: Hva går denne valgretten ut på?

Spørsmål 12: Hva er det grunnleggende vilkåret for valgrett?

Nynorsk

OPPGÅVE 1

Lillevik Kontor AS driv med sal av kontorutstyr til lokale verksemder. På grunn av renteutviklinga dei siste åra, har salet gått svært treigt. Omsetninga er nå så låg at verksemda vurderar å seie opp ein av to salsmedarbeidarar.

Valet står mellom Peder Ås og Lars Holm. Peder ÅS er 55 år og har arbeidd hos firmaet i sju år. Lars Holm er 35 år og har berre vært tilsett i firmaet i to og eit halvt år. Men Lars Holm har vesentleg større omsetning (sal) enn Peder Ås.

Verksemda ynskjer å helde fram med Lars Holm og seie opp Peder Ås. Oppseiing skal finne stad den 15. mars 2016. Verksemda er litt usikker på dei juridiske sidene ved oppseiinga. Ho ynskjer difor juridisk grunna svar på følgjande spørsmål:

Spørsmål 1: Drøft og avgjer om det ligg føre eit rettsleg grunnlag for å seie opp Peder Ås?

Spørsmål 2: Kor lang er oppseiingsfristen hans?

Spørsmål 3: Når tek oppseiingsfrista til å løpe (dato)?

Spørsmål 4: Har Peder rett til å få jobb hos verksemda dersom det skulle bli aktuelt å tilsette ein ny salsmedarbeidar på eit seinare tidspunkt?

Spørsmål 5: Har Peder krav på sluttattest?

Spørsmål 6: Ferien er ikkje fastsett ennå. Kan arbeidsgjevar kreve at Peder avviklar ferien sin i oppseiingstida?

Spørsmål 7: Når skal feriepengane utbetalast?

Alle svara må grunngjevast.

OPPGÅVE 2

Torgeir Sagen, som er utdanna tømrrar, vart den 2. januar 2014 tilsett av Storevik kommune for å bygge åtte brakkar. Brakkane skulle brukast som asylmottak, og dei skulle huse enslege mindreårige asylsøkarar frå blant anna Syria og Afghanistan.

Den 17. januar 2016 var brakkene ferdig bygde. Sagen fekk da beskjed om at arbeidsforholdet hans var over, og han fekk ein månad på seg til å rydde og forlate arbeidsplassen. Varselet vart gjeve skriftleg. Torgeir protesterte på dette, då han meinte at han var blitt utsett for ei usakleg oppseiing. Kommunen hadde nemlig ikkje hatt noke å seie på arbeidet hans. Kommunen avviste Sagens påstandar og hevda på si side at han vart lovleg tilsett i eit tidsavgrensa arbeidsforhold.

Spørsmål 8: Gjeld arbeidsmiljølova i dette tilfellet? Grunngje svaret.

Spørsmål 9: Sett nå føre at arbeidsmiljølova gjeld og drøft og avgjer deretter om det var adgang til å tidsavgrense Torgeir sitt arbeidsforhold.

OPPGÅVE 3

I aml. § 9-1 første ledd står det følgjande:

«Arbeidsgiver kan bare iverksette kontrolltiltak overfor arbeidstaker når tiltaket har saklig grunn i virksomhetens forhold og det ikke innebærer en uforholdsmessig belastning for arbeidstakeren.»

Spørsmål 10: Forklart kort kva som meinast med «kontrolltiltak», og gje i samband med dette nokre eksempel på slike kontrolltiltak.

OPPGÅVE 4

Arbeidstakaren har ved overføring av verksemd ein såkalla valrett.

Spørsmål 11: Kva går denne valretten ut på?

Spørsmål 12: Kva er det grunnleggande vilkåret for valrett?